



Eidfjord råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

Arkivsakid-doknr: 20/175-24
Journalpostid: 21/11327

Saksh: Glenn Wiik
Telefon: 53673535

Arkivkode
K1-033
Dato: 06.12.2021

Møtebok 01.12.2021 kl. 10.00 – 12.00>

Frammøte: Marete Sæbø, Harald Næss, Sigrid Bu, Frode Eriksen, Ole-Johnny Odland, Johanna Håbrekke.

Ikkje møtt: Magnar Røise

Vara møtte: Aslak Lægreid

Sak 44

Godkjenning av møtebok

Det var ingen merknader til møteboka. Møteboka er godkjent

Sak 45

Innspel til budsjett for 2022

Økonomisjefen gjekk gjennom dei viktigaste punkta i framlegget til budsjett for neste år. Det var ikkje veldig store endringar frå tidlegare, men rådet hadde spørsmål og kommentarar til straumpris, kommunale avgifter og husleige i omsorgsbustadene. Når det gjeld kommunale avgifter var det framlegg i rådet om å justera dei kun med prisvekst, og ikkje slik som i framlegg frå rådmannen med meir enn 4%. Framlegget i rådet fekk 2 stemmer. 5 var imot og framlegget falt.

Rådet sine merknader og forslag er sendt til kommunestyret (vedlegg).

Sak 46

Ymse

- Ringetid på legekantoret. Medlemer i rådet har fått fleire meldingar frå folk i bygda som synst det er vanskeleg å få kontakt med legekantoret. Kantoret har avgrensa ringetid, og utanom desse tidsintervalla får ein berre tekefon svarer på tråden. Dersom det hastar, kan ein ringja legevakt eller naudtelefon. Eidfjord råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne ynskjer å diskutera moglegheiten for utvida ringjetid og vil ta opp denne saka på neste møte.



Til å skriva under møteboka: Marete Sæbø og Ole-Johnny Odland

Marete Sæbø (leiar)

Ole-Johnny Odland

Med venleg helsing
Eidfjord kommune

Glenn Wiik
sakshandsamar

Kopi til arkiv og kopibok